

# Valle og Hylestad sokneråd

4747 Valle  
Tlf.: 97784706  
e-post: post@valle.kyrjka.no  
Valle 2021-06-15

## Innkalling til møte i Valle og Hylestad Sokneråd

Du kallast med dette inn til møte i Valle og Hylestad Sokneråd tysdag, 22. juni kl. 16.00 – 18.00 i kommunestyresalen

**Innkalla:** Lisbeth D. Homme, Siri Melhus, Bente Bjørgum, Liv B. Ryningen, Sissel Åkre, Ellen Jansen, Gudrun Sagneskar, Knut Olav Uppstad, Knut Hagen og Steinar Floberg

**Kopi til:** Karin Bøe, Inger P. Rysstad, Astrid Nomeland, Henrik West, Kristine Borgen, Per Emanuelsen, Valle kommune, Bykle sokneråd, Vicky Lolk Norvik og Tommy Pytten

---

### Til orientering:

- Organist Henrik West har sagt opp stillinga si som organist frå 1.6.21. Sjå vedlegg 1 – oppsigelse Valle og Bykle.
- Henrik planlegg ein minifestival frå 13.- 15. august.
- Hylestad kyrkjegard. Det arbeidast vidare med minnesmerke til namna urnelund. Sjå vedlegg 2 – Hylestad kyrkjegard.
- Høyring kyrkjeleg organisering: Det ligg an til at freisten vert 1.desember Det skal gjennomførast prostivise samlingar der høyringsdokumentene vert presenterte.

## FR sak 02/21

### TENESTEYTINGSAVTALE

Sjå vedlegg 3. Tenesteytingsavtale

### FORSLAG TIL VEDTAK:

Tenesteytingsavtale vert skrive under med desse merknadane:

Side 7, under kulepunkt Tidsfristar: Punkt a) vert stroke.

Side 10. Rutinar ved bruk av grav: Punkt 2 Teknisk eining må bli kontakta før endeleg avtale vert inngått om når gravferd skal vere. Vert erstatta med: Teknisk eining må bli kontakta dersom det er mindre enn ei veke til gravferd, og elles når det er ferieavvikling.

**FR sak 03/21**

**ÅRSmelding**

Sjå vedlegg 2 - årsmelding 2020

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

Årsmelding for 2020 vert godkjend.

**FR sak 04/21**

**ÅRSREGNSKAP 2020**

Sjå vedlegg: Valle og Hylestad sokn – Årsregnskap 2020

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

Årsregnskap for 2020 vert godkjend. Mindreforbruk på kr. 346.154 vert sett på disposisjonsfond.

Vel møtt!

Lisbeth D. Homme

Soknerådsleiar

Sissa Ringstad

Kyrkjesjef

Til                   Valle og Hylestad sokn  
                     Postboks 8, 4746 Valle

                     og

                     Bykle sokn  
                     Sarvsvegen 14, 4754 Bykle

Fra                 Henrik West  
                     Nordibøvegen 100, 4747 Valle

Ang.              Oppsigelse

Frifelt, d. 30.05.2021

Jeg har fått ny jobb som organist i Skjern kirke i Danmark med virkning fra 1. september 2021.  
Derfor ønsker jeg hermed å si opp stillingen min som organist i Valle og Hylestad sokn og Bykle sokn slik at oppsigelsesperioden på tre måneder begynner tirsdag 1. juni og utløper med utgangen av august.

Det er avtalt med Sissa Ringstad at min siste tjeneste blir friluftsgudstjenesten på Tveitetunet søndag 15. august. Resten av august avvikles ferie.

Takk for seks spennende og lærerike år som jeg er svært takknemlig for!

Med vennlig hilsen

  
Henrik West

## Notat 1

Møte om oppgradering av Hylestad Kyrkjegard

Synfaring og oppsummeringsmøte på Sølvarden kl. 09.00-11.00 den 3. juni 2021.

Tilstades:

Anne Ringstad, Kyrkjesjef, Valle kommune, [post@valle.kyrkja.no](mailto:post@valle.kyrkja.no)

Siri N. Melhus, nestleiar i Soknerådet, [skagen58@hotmail.no](mailto:skagen58@hotmail.no)

Erik Johnsen, landskapsentreprenøren, Kristiansand - [erik@l-e.no](mailto:erik@l-e.no)

Alexander Stettin, Plankontoret Hallvard Homme AS/Sweco Seljord - [Alexander.Stettin@sweco.no](mailto:Alexander.Stettin@sweco.no)

Hallvard Homme, Plankontoret Hallvard Homme AS – [hallvard@plankontoret.no](mailto:hallvard@plankontoret.no)

### 1 Bakgrunnen for møtet

Soknerådet har bede Plankontoret Hallvard Homme AS om bistand til å vurdere etablering av ein namna/unamna minnelund på del av Hylestad kyrkjegard. Fyrebelser har ein landa på ei lokalisering i nærleiken av Støpulen:




Under synfaring som Hallvard Homme gjorde like etter oppstartsmøtet med Anne Ringstad (Sissa) den 5. mai kom det fram at det kunne vera behov for ein nærmare gjennomgang på status for kyrkjegarden som vart ferdig utbygt i 2006. Etter snart 20 års drift og vedlikehald vart det konkludert med at det var på tide med ei «evaluering», ikkje berre av omsyn til å lokalisere endeleg denne minnelunden, men også status og standard på kyrkjegardsanlegget generelt. Difor vart landskapsarkitekt og landskapsgartnar invitert til å delta i evalueringa.

## 2 Generell status for kyrkjegarden.

Under planlegging og gjennomføring vart det av byggherren vektlagt sterkt å nytta materialar og løysingar med høg kvalitet. Ved evaluering i dag kjem dette også godt fram i det bygde anlegg. Murverket i rondellen står fjellstøtt, sjølv om det er på sandgrunn, og steingjerdet som rammar inne heile den nye delen i nord og aust står godt. Planta buskar og tre har nokre utfall og treng ein gjennomgang. Blomeenga som var tiltenkt i nord vart ganske fort etter etableringa «rasert» av teknisk avdeling og har plenandard i dag, til liks med andre grøne flater. Mangel på sitjebenkar både i rondellen og omkring elles er tydeleg. Nokre gamle bjørketre i den gamle delen er i ferd med å gjeve opp og bør takast ut innan kort tid. Litt av steingjerdet er skada.

## 3 Minnelunden, lokalisering

Etter ein runde med skarpe blikk og drøftingar landa gruppa fort ned på Felt G. Omramminga av hekk og mur gjev ei klar definering av «minneromet» og golvet kan vera gras med opparbeidd «fast dekke» ved arrangementet for namneplatene.




Element frå «design-programmet» for utstyr på kyrkjegarden elles skal vidareførast inn i utforminga av innretningar i minnelunden. Soknerådet arbeider vidare med prosjektet utifrå dette.

## 4 Tiltak på lang og kort sikt

Skjøtselplan som vart laga av planleggar/prosjekterande i 2006 vart lagt fram. Den er enkel og grei, den kan oppdaterast. Alexander får i oppdrag å sette opp ein plan for å rehabiliter vegetasjonen, dvs hekkar, buskar og tre, likeins singel/grulagt gang, hovudaksen frå hovudport i vest til rondellen.

Soknerådet, eller den dei bemyndiger, bør kontakta grunneigar mellom rondellen og Otra, med sikte på å få løyve til å rydde ein siktakse på 5-10 m ned til vassdraget. Teknisk etat bør stå for vegetasjonsfjerninga.

Landskapsentreprenøren AS lagar kostnadsoverslag på å gjere strakstiltak og dette arbeidet vil dreie seg om:



Plankontoret Hallvard Homme AS

- a) Harpe opp gruslagt midtgang, frå hovudport til rondellen
- b) Trimme hekkar og buskar med bakgrunn i liste frå Alexander, ta ut aktuelle nyplanta tre, eldre tre kan evt. Teknisk etat ta seg av.
- c) Evt. innplante utgått vegetasjon.
- d) Reparere skada steingjede.
- e) Kome med forslag til benkar i rondell og ellers, 6-8 stk.

På lengre sikt er det aktuelt å inngå vedlikehaldskontrakt basert på eit besøk kvar vår og haust.  
Hallvard Homme førespør ein blikkslagar om pris på å laga zinkbeslag på tre-elementa i kyrkjegardsmøbleringa, inkl. 2 tårn i støpulen.

Neste møte vart ikkje avtala.

Valle den 3. juni 2021.

Hallvard Homme

Notatet går til:

- alle som deltok



## Overordna samarbeidsavtale mellom Valle kommune og Valle og Hylestad sokneråd

Denne avtalen er grunnlaget for den samla tenesteavtalen mellom Valle kommune og Valle og Hylestad sokneråd.

Avtalen byggjer på Trussamfunnslova og Lov om kyrkjegardar, kremasjon og gravferd (Gravferdslova) av 7. juni 1996.

Avtalen byggjer også på kommunelova

1)

Målsettinga med denne avtalen er å sikre eit nært og godt samarbeid mellom kyrkja og kommunen og at tenesteavtalen fungerer godt og blir revidert jamleg.

Rammer og samarbeidsrutiner for kommune og kyrkje:

Kommunen og soknerådet må i fellesskap legge opp rutinar som tar i vare på kommune sine behov for planlegging og budsjettering, samtidig som soknerådet får naudsynt tid til handsaming i sine organ. Tidleg i budsjettprosessen orienterer kommunedirektøren kyrkjesjefen om prosess og føringar i arbeidet. Budsjetttrundskriv eller liknande informasjon sendast kyrkjesjefen til orientering. Kommunen orienterer også kyrkjesjefen om andre saksutgreiingar som grip inn i kyrkja sitt ansvarsområde.

Tilsette i kommunen som utfører oppgåver etter denne avtalen, skal kjenne til denne overordna avtalen. Tilsette i kommunen og soknerådet er elles ansvarlege etter kvar sine styringsliner, sjå tenesteavtalen.

2)

Samarbeidsmøte og treffpunkt.

For å take i vare informasjon og samarbeid, har kommunen og soknerådet desse faste treffpunktene:

- Årleg orientering om kyrkjeleg arbeid til kommunestyret. Kyrkjesjefen sender soknerådet sin årsrapport til kommunen, kommunedirektøren set den på sakskartet som orienteringssak til kommunestyret.

På det aktuelle kommunestyret møter kyrkjesjef og soknerådsleiar for å gje kort informasjon. Tidspunkt: I løpet av vårhalvåret.

Samarbeidsmøte mellom kommunal og kyrkjeleg administrasjon og politikarar.

Hovudtema: Økonomi, budsjett, tenesteytingsavtale, større prosjekt. Kyrkjesjefen set opp saksliste og kallar inn i samarbeid med kommunedirektøren. Møte vert gjennomført ein gong i halvåret- mai/juni- november/desember. Deltakarar: Sokneprest, ordførar, kommunal representant i soknerådet, soknerådsleiar kyrkjesjef, kommunedirektør og aktuelle kommunale tenesteleiarar

Kommunedirektøren har jamlege møte med tenesteleiariane i kommunen.

Kommunedirektøren inviterer kyrkjesjefen når det skal takast opp saker som er aktuelle for kyrkja å halde seg orientert om

3)

Tenesteavtalen

Det skal utarbeidast ein samla tenesteavtale mellom Valle kommune og Valle og Hylestad sokneråd som femnar om alle dei tenestene Valle kommune leverer: Økonomi, bygg, eigedom og anlegg og merkantile tenester.

4)

Oppseiing

6. mnd gjensidig oppseiing - med verknad frå eit årsskifte.

Valle,

---

For Valle kommune

---

for Valle og Hylestad sokneråd

# Avtale om tenesteyting mellom Valle kommune og Valle og Hylestad sokneråd - ADMINISTRATIVT NIVÅ

## 1. INNLEIING/ FORMÅL

Avtalen bygger på intensjonsavtalen mellom Valle kommune og Valle og Hylestad sokneråd.

Avtalen legg til grunn at soknerådet i Valle og Hylestad har arbeidsgjevaransvar for alle som vert løna over soknerådet sitt budsjett, og har ansvaret for forvaltning av dei økonomiske midlar som rådet disponerer.

Avtalen legg vidare til grunn at soknet v/soknerådet står som eigar av kyrkjebygg med tilhøyrande inventar, samt kyrkjegardar.

Målsettinga med avtalen er å

- Gi kyrkja hjelp til å yte tenester med høg kvalitet med ei god utnytting av dei totale ressursane, til beste for Valle kommune sine innbyggjarar. (tenestytting)

## 2. RAMMER OG SAMARBEIDSROUTINAR FOR KOMMUNE OG KYRKJE GENERELT

Partane har gjensidig plikt til informasjon om endringar i tenesterutinar og omfang.

### Samarbeidsmøte og treffpunkt

Her følgjer ein overordna samarbeidsavtale.

### Oppbygging av tenesteytingsavtalen

Avtalen er delt inn i fagområde i samsvar med den noverande organiseringa i kommunen .

**Administrativt nivå** - Detaljnivå der oppgåveutføring, kvalitetsskrav, rutinar, tidsfristar og liknande blir omtalt. Administrativ handsaming. Tillegg til dette dokumentet.

**Økonomisk nivå** - Kostnader for kommunen ved å utføre tenestene for soknerådet. Omtale prinsipp og opplegg for fastsetting av pris. Tillegg til dette dokumentet.

**Budsjett** - stipulert kostnad. Rekneskap - faktisk kostnad.

Kommunen har ansvaret for registrering, fastsetting av pris og rekneskapsføring av dette.

**Praktisk nivå** - Bistand til gjennomføring av praktiske oppgåver

Grenseoppgang mellom tenesteyting og tilskot, ansvarstilhøve

1. Maskinar, utstyr og forbruksmateriell som kommunalt tilsette har bruk for i arbeidet med tenesteytinga, har kommunen innkjøps- og vedlikehaldsansvar for.

2. Skader som kommunalt tilsette er ansvarlege for, har kommunen erstatningsansvar for.

3. Dersom kommunen ikkje har kapasitet til å utføre ei oppgåve dei normalt skal utføre etter tenesteytingsavtalen , kan det vere aktuelt å kjøpe tenesta. Kommunen, ved den einskilde budsjettansvarlege og soknerådet vurderer i samarbeid dekning av utgiftene før tenesta tingast.

4. Soknerådet har ansvar for å kjøpe inn ting/inventar som er til stade for brukarane, særleg med tanke på det estetiske ved anlegga. Innkjøpa skjer i samarbeid med kommunen.

## 3. ØKONOMI / PERSONAL/ KONTORSTØTTE

Kommunalt ansvarleg og kontaktperson: Kommunedirektør v/rådgjevar og velkomstsenter

(Tillegg: Spesifisert oversyn over oppgåver, tidsfristar og rutinar for punkt 3.) Kommunalt ansvarleg og kontaktperson: økonomileiar

#### **Generelt**

Tilskotet frå kommunen til soknerådet overførast forskotsvis to gonger i året. Tilskot til særskilte investeringstiltak blir avtalt i kvart einskild tilfelle når vedtak ligg føre. Utgifter knytt til denne avtalen, samt særskilte tilskot til soknerådet ligg innafor kommunen sine økonomiske plikter etter Trussamfunnslova § 14.

#### **Rekneskap**

Kommunen fører rekneskap i samsvar med forskrift om økonomiforvaltning og andre føresegner.

Kommunalt ansvarleg og kontaktperson: økonomileiar

#### **Fakturering**

Kommunen fakturerer og innordrar betaling for tenester, herunder festeavgifter, avtale om gravstell og liknande. Soknerådet sørger for nødvendig fakturagrunnlag.

Kommunalt ansvarleg og kontaktperson: økonomileiar

#### **Betaling av rekningar**

Kommunen betaler rekningar etter tilvising som fastsett i soknerådet sitt økonomireglement.  
Kommunalt ansvarleg og kontaktperson: økonomileiar

#### **Løn**

Kommunen utfører lønskøyring og tilhøyrande personaladministrative rutinar, samt utbetaler løn etter tilvising som fastsett i soknerådet sitt økonomireglement. Dette skjer i samsvar med gjeldande tariffavtaler. Sørgjer for at løn blir handsama og registrert i samsvar med føresegner om skatt og avgift.

Kommunalt ansvarleg og kontaktperson: økonomileiar

#### **Personal**

Kompetansen hos fagansvarleg personal i kommunen kan nyttast av soknerådet ved behov. Kyrkjeleg tilsette inngår i avtaler og ordningar om bedriftshelseteneste.

Kommunalt ansvarleg og kontaktperson: leiar HR og eining velkomstsenter

#### **HMS arbeid**

Kompetanse hos koordinator HMS i kommunen kan nyttast av soknerådet ved behov.  
Kommunalt ansvar og kontorperson : leiar HR og eining velkomstsenter

#### **Opplæring / Kompetanse**

Kyrkjeleg tilsette kan delta på kommunen sine kurs på lik linje med kommunalt tilsette når dette er relevant, til dømes innan IT, brukaroplæring datasystem, sakshandsaming og liknande.

#### **Sentralbord og post**

Soknerådet kan gjøre seg nytte av kommunen si informasjonsteneste, teletjenester ved bruk av kommunalt eigde bygg, frankering, interne posttenester.

Kommunalt ansvarleg og kontaktperson: leiar HR og eining velkomstsenter

#### **Arkiv**

Soknerådet har ansvar for journalføring og daglegarkiv, men kan nytte kommunen sitt fjernarkiv og ordning med innbinding av protokollar og anna. Kompetansen i arkivavdelinga i kommunen kan nyttast av soknerådet ved behov.

Kommunalt ansvarleg og kontaktperson: arkivleiar

## **IKT**

Soknerådet kan nyte seg av den gjeldande IT-strukturen og kompetansen som kommunen har, herunder tilgang til kommunen sitt intranett og bruk av kommunen sitt breiband. Kommunen har ansvar for driftning og vedlikehald av linjer og maskinar, herunder back-up. Kommunen yter IT-teknisk bistand ved eventuell oppbygging og vedlikehald av eigen heimeside for soknerådet, som del av kommunen sine heimesider. Soknerådet er ansvarleg for innhaldet. Soknerådet kjøper inn maskinar og programvare som er særskilt for soknerådet si drift og som kommunen ikke bruker. Må sjølv ta kontakt med fagfolk i IKT samarbeidet.

## **Innkjøpsnester**

Soknerådet kan nyte seg av innkjøpsavtaler som kommunen inngår med eksterne leverandørar, så sant dette kjem fram i avtalen mellom kommune og leverandør. Det gjeld mellom anna forsikring, straum, banktenester, dataløysingar, kontorrekvisita og liknande. Informasjon om aktuelle avtaler, og om soknerådet blir omfatta av dei, skjer i treffpunktet mellom kommune og sokneråd. Når Soknerådet på eiga hand skal gjere avtaler om innkjøp, kan kommunen sin kompetanse på offentlege innkjøpsreglar nyttast. Kommunalt ansvarleg og kontaktperson: rådgjevar økonomi/økonomileiar

## **4. EIGEDOM**

(Tillegg: spesifisert oversikt over oppgåver, tidsfristar og rutinar for punkt 4)

Kommunalt ansvarleg og kontaktperson: Driftsleiar teknisk eining

### **Generelt**

Standarden for kyrklege bygningar og anlegg skal vere lik kommunale bygningar og anlegg. Dette ligg til grunn for utarbeiding av vedlikehaldsplanar og liknande. Kommunen utarbeider aktuelle planar for kyrklege bygg og anlegg som for eigne bygg og anlegg. Utstyr og materiell som kommunalt tilsette treng for å utføre jobben, blir kjøpt inn av kommunen. (Særskilte problemstillingar knytt til kyrklege bygg og kyrkjegardsarbeidet takast med i tillegget til denne avtala)

Kommunalt ansvarleg og kontaktperson: driftsleiar teknisk eining

### **Leige av lokale i kommunen sine bygningar**

Kommunen syter for lokale til kontor med inventar for kyrkjesjef og sokneprest, inkludert straum/oppvarming og reinhald. I dette inngår lagerkapasitet og bruk av kommunen sine fellesrom/møterom ved behov.

### **Byggje-/ anleggsprosjekt**

Kommunen stiller sin kompetanse til disposisjon når det gjeld planlegging, prosjektering og utføring av større byggje-/anleggsprosjekt. Soknerådet er initiativtakar og byggherre. Slike saker tar soknerådet opp gjennom økonomiplan og budsjett.

### **Vedlikehald av kyrkjer og andre bygningar**

Kommunen sørger for vedlikehald av kyrkjer og bårehus. Kommunen har også ansvar for større reparasjoner og rehabilitering. Soknerådet har ansvar for kontakt med kyrklege godkjenninginstansar og antikvariske mynde. Kommunen utfører "vaktmeistertenester."

**Vedlikehald og drift av uteareal og kyrkjegardar** Kommunen har den daglege drifta og vedlikehaldet av kyrklege uteareal, inkludert parkeringsplassar og vegar, og kyrkjegardane i Valle og Hylestad sokn. Dette omfattar mellom anna:

- Grasslått, planting, rydding og brøyting.
- Alt arbeid i samband med opning og attfylling av grav.
- Fastmerkesystem, oppmålingsarbeid.
- Forvaltning av areal: drenering, arbeid med forbetring av jorda

Kommunen har administrativt ansvar for kyrkjegard og gravferdsregister, inkl. kyrkjegardsprogrammet.

## **5. KULTUR**

Kommunalt ansvarleg og kontaktperson: leiar kultur og fritid

### **Ekspertise ved arrangement**

Når det er behov for det hjelper kommunen med praktisk gjennomføring av det tekniske ved arrangement i kyrkjene. Dette gjeld hovudsakleg tilstelling og styring av lys og lyd. Soknerådet avgjer spørsmål rundt det økonomiske ved konserter, men held seg orientert om kommunen sin politikk når det gjeld inngangspengar og liknande rundt konserter.

## **6. RAMMER RUNDT AVTALEN OPPSEIING/ENDRING**

- AvtaLEN kan seiast opp av både partar innan 1.juli kvart år, med verknad frå og med følgjande budsjettår.
- Både partar kan be om å få endra einskildpunkt i avtaLEN utan at heile avtaLEN vert sagt opp. Slike endringar kan gjerast administrativ når både partar er samde. Ved usemje må det opp til politisk handsaming.
- AvtaLEN kan til ei kvar tid justerast i samsvar med eventuelle endringar i lover, forskrifter og reglar, og som følgje av omorganiseringar. Slike justeringar kan gjerast i samarbeidsmøta mellom kommune og kyrkje og treng ikkje opp til politisk handsaming.

### **Verknadstidspunkt**

AvtaLEN er revidert og gjeldande frå 01.01.2021

## **TENESTEYTINGSAVTALE - VALLE KOMMUNE OG VALLE OG HYLESTAD SOKNERÅD SPESIFISERT OVERSYN OVER OPPGÅVER, TIDSFRISTAR OG RUTINER**

Verdien av tenestene fastsetjast tidsbruk stipulerast ut frå erfaring.

## **REKNESKAP**

Kommunalt ansvarleg og kontaktperson: økonomileiar

- Rekneskapsansvarleg i kommunen har det rekneskapsfaglege ansvar for rekneskapen til soknerådet.
- Rekneskapet førast i samsvar med forskrift om økonomiforvaltning for kyrjelege fellesråd og elles gjeldande føresegner for kyrkjerekneskap.
- Kommunen står for alle drifts- og vedlikehaldsutgifter ved systemet, og administrerer brukartilganger etter tilvising frå kyrkjesjefen.
- Følgjande oppgåver inngår i "rekneskapsoppdraget":
  - Registrere rekneskapsbilag etter at desse er tilvist i samsvar med soknerådet sitt økonomireglement.

- Kvalitetssikre kontobruk og koding av mva-kompensasjon.
- Nødvendige avstemminger av balansekonti. Bankkonti kvar månad, interimskonti 31.12
- Produsere rekneskapsrapportar etter behov. Etter avtale med kyrkjeverje kan dette skje anten ved papirutskrift eller ved at rapportar er tilgjengelege elektronisk
  - a) månadsrapport- drift.
  - b) tertial-rapport -drift.
  - c) Prosjektrapportar ved større investeringsprosjekt etter behov.
- Årsrekneskap:
  - a) Årsavslutningsposteringar i samråd med kyrkjeverje.
  - b) Nødvendige avstemmingar av balansekonti.
  - c) Avstemming av økonomiske samanhengar i rekneskapen.
  - d) Leggje fram obligatoriske rekneskapsrapportar .
  - e) Leggje fram ferdig revidert rekneskap
- Utarbeide og sende mva-kompensasjonsoppgåver .
- SSB - rapportering som krava er (rekneskap/KOSTRA).

Kommunen er ansvarleg for remittering av rekningar ved forfall. Soknerådet gir nødvendige disposisjonsfullmakter for bank.

- Tidsfristar:
  - a) (Bilag må vere levert til kommunen seinast 15. for å bli registrert på siste månad.  
Ansvar: Kyrkjesjefen.) fjerne, ikkje aktuelt
  - b) Bilagsregistreringa ajour seinast 25. kvar månad.
  - c) Kyrkjesjefen leverer forslag til budsjett til rekneskapsførar 15.10.  
Budsjett i obligatoriske oppstillingar skal vere ferdig produsert av rekneskapsførar 25.10
- Årsavslutning:
  - a) Alt grunnlag for rekneskapsavslutning ferdig handsama og overlevert frå kyrkjesjefen innan 15. januar.
  - b) Årsavslutningsposteringar, avstemmingar innan 10. februar.
  - c) Rekneskapsrapportar, noteinformasjon utarbeidd innan 15. februar.

## **FAKTURERING**

- Kommunen utfakturerer på grunnlag av fakturagrunnlag utarbeidd av soknerådet
- Kommunen fordrar inn krav i samsvar med forfallsreglar.
- Kommunen sørger for purring(ar).
- Kommunen varsler kyrkjesjefen om eventuelle restansar.
- Kyrkjesjefen vurderer og tar stilling til eventuelle tvangsinfordringar.
- Kyrkjesjefen vurderer og tar stilling til eventuelle tapsføring av krav.

## **LØN**

- Kommunen har ansvar for lønskøyring. Dette gjeld all løn og godtgjersle og eventuelle utgiftsgodtgjersler som soknerådet har ansvar for.

- Kommunen står for alle drifts- og vedlikehaldsutgifter ved systemet, og administrerer brukartilganger etter tilvising fra kyrkjeverje.
  - Følgjande oppgåver inngår i "lønsoppdraget":
    - Registrere faste lønsdata og halde a jour lønsregisteret etter meldingar frå kyrkjesjefen
    - Registrere lønsbilag i forkant av kvar lønskøring etter tilvising i samsvar med soknerådet sitt økonomireglement.
    - Halde a jour løns- og personalregisteret etter føresegner i tariffavtalar og/eller retningslinjer frå skatte- og avgiftsmynde.
    - Registrere pensjonsgrunnlag og sørge for korrekt handsaming av pensjonspremie.
    - Handsaming av personalforsikringar og eventuelle trekk av arbeidstakrar i lønsrutinene.
    - Utbetaling av løn/godtgjersler på fast dato kvar månad i tråd med rutine for lønsutbetaling til kommunalt tilsette.
    - Overføring av skatt og avgifter til skatteoppkrevjar.
    - Samanstilling, samt følgjeskjema.
    - Feriepengeavsetning.
    - Refusjon frå Nav trygd. Kyrkjesjefen er ansvarleg for at sjukemeldingar ligg føre.
    - Avstemming av lønsrapportering mot lønsutgifter bokført i rekneskapen.
  - Andre avstemmingar for å gi nødvendig kvalitetssikring av lønsdata, herunder skatte-/ avgiftshandsaming og pensjon.
  - Tidsfristar:  
Lønsbilag må vere levert til kommunen seinast 1. i månaden for å kome med på lønskøringa den rnånaden.
- Kommunen vil være hjelpsam med å skaffe lønsopplysningar til bruk ved budsjettering, lønsforhandlingar, personaloppfølging og statistisk rapportering eller anna rapportering.

## DIVERSE

- Kommunen syter for å halde seg oppdatert på programvare som vert nytta, og tek den økonomiske byrda på seg, td. kurs og opplæring.

## EIGEDOM

Kommunalt ansvarleg og kontaktperson: driftsleiar teknisk eining

Verdien av tenestene fastsettjast slik:

- Faktiske utgifter ført på eigen funksjon.  
(Stillingsstorleik ca.50%, pluss sommar vikar. Utgifter til forbruksmateriell. Bruk av maskinpark (fordeling av nedskrivning eller stipulert.))

## VEDLIKEHALD AV KYRKJER OG ANDRE BYGNINGAR

- "Vaktmeister" - detaljert oppgåveomtale.
- 1. Reinse takrenner.
- 2. Reparere skader på tak m.m.
- 3. Varmekablar ute av og på.
- 4. Vedlikehald av kyrkjeklokjemaskineri.
- Vedlikehaldsplan.

Omtaler og planer utarbeidast i samråd med kyrkjesjefen

## **VEDLIKEHALD OG DRIFT AV UTEAREAL OG KYRKJEGARDAR**

### **Vegar, parkeringsplassar og belagt uteområde:**

1. Snørydding, brøyting og strøing i løpet av vinteren, feiing etter vinteren.
- Parkeringsplassar og køyrevegar
- Gangvegar frå parkeringsplassar til kyrjelege bygg og belagt område innanfor kyrkjegardsmurane har kommunen ansvar for å brøyte, strø og feie i den vanlege arbeidsveka. Mindre mengder snø som er falt i tida frå arbeidsveka sluttar til det eventuelt skal vere arrangement i kyrkja, har den som skal bruke kyrkja ansvar for å fjerne. Den har då også ansvar for å strø. Kommunen har ansvar for at det er snøskuffe og sand lett tilgjengeleg.
- Det skal brøytast og strøast jamleg, slik at tilgjenge til kyrkjer og bårehus jamt over er tilfredsstillande. I spesielt travle periodar er det ikkje alltid viktigast at kyrkja er prioritert, bortsett frå når der skal vere arrangement. Kyrkjesjefen er ansvarleg for å informere dei som har brøyte/strø-ansvar om aktivitet. Bårehuset skal vere tilgjengeleg til ein kvar tid.
2. Kommunen er ansvarleg for å setje opp varselskilt ved fare for snøras eller andre farlege situasjonar.
3. Kommunen har ansvar for å reparere skader på vegar, parkeringsplassar og belagt uteområde. Grenseoppgang med innleigde firma er kommunen sitt ansvar.

### **Gjerde, murar og tilhøyrande planter i murar:**

1. Soknerådet har gjerdeplikt : Kommunen følgjer opp desse årleg, og reparerer etter behov.
2. Kommunen reparerer skader på murer rundt kyrkjene og kyrkjegardane.
3. Kommunen luker ugras, planter nytt, beskjærer planter og klypper gras på kyrkjegardane. Kommunen fjerner ugras som veks opp i belagt område.

Dersom soknerådet vil opparbeide nye bed, må det først undersøkjas med kommunen om kapasitet til å stelle desse.

### **Kyrkjegardar og uteområde ved kyrkjene:**

Kommunen har ansvar for:

1. Vårrydding før 17.mai.
  - Fjerne daudt lauv, gras, planterestar og kvistar/greiner.
  - Finne alle fastmerkene, trekke litt opp dei som held på å synke, slå ned nye der fastmerkene er borte (gravd opp i samband med gravferd, må koordinerast med oppmålingsingeniør for å finne riktige punkt).
  - Fjerne daude kransar og overskotsmasse frå graver som har blitt brukt i løpet av vinteren. Legge på jord på grava og så gras. Lage plantefelt med jord klart.
  - Løyse tre og huskar som har vore bunde om vinteren. Beskjære tre og huskar som skal beskjærast om våren.
  - Kalke og gjødsle.
  - Sette ut benkar og vasskanner, skru på utevasskraner.
2. Kontinuerleg arbeid i løpet av sommaren.
  - Grasklypping etter behov.
  - Jamne ut skader og sår i grasdekke, og så nytt gras.
  - Luking i grusgangar.

- Følgje opp søppelhandsaming, at søppel blir fjerna.
3. Hastrydding i siste halvdel av september.
  - Beskjære tre, huskar og andre planter som skal beskjærast om hausten.
  - Ta inn benkar og vasskanner, skru igjen utevassskraner.
4. Arbeid etter avtale med soknerådet v/kyrkjeverja:
    - Felle tre.
    - Plante nye tre, huskar og andre planter.
    - Skru saman og setje opp service-element for brukarane (benkar, vasspostar, vasskanner, askebeger, søppeldunkar, skilt, jordbinge m.m.). Kommunen har ansvar for vedlikehald av dette utan nærmere avtale med kyrkjesjefen.
    - Fjerne gravmonument som er tatt ut av bruk og destruere dei. Hjelpe med det praktiske arbeidet rundt gravminne-arbeid som soknerådet tar på seg, og gravminna som soknerådet har ansvaret for (freda).

#### Rutiner ved bruk av grav (gravferd):

1. Kommunen administrerer kyrkjegardsregisteret, og soknepresten har kontakten med dei pårørande.
2. Teknisk eining må bli kontaktat før endeleg avtale vert inngått om når gravferd skal vere.
3. Kommunen gjer det praktiske arbeidet ved bruk av grav:
  - Vinterstid: Fjerne snø og tine grava. Fjerne nok snø til at gravfølgjet får greitt plass under gravferda.
  - Flytte gravminne som er naudsynt for å korne til. Desse setjast på ein diskret plass (normalt oppetter kyrkjegardsmur eller bygg).
  - Grave grava. Masse leggjast i ein haug ved sida av grava, på duk berekna for dette føremålet. Plantefelt i området skal ikkje skadast, eller få stein og masse trillande på seg. Spade til seremonibruk setjast klar i haugen med masse.
  - Vinterstid må det leggast matte over for å hindre spaden og massen i å fryse fast. Gravemaskinen setjast på ein diskret plass, slik at den er minst mogeleg synleg for gravfølgjet. Kommunen set på plass senkeapparat med ramme, og sjekkar at dette fungerer.
  - Senke kista heilt ned i grava, og grave den att. Leggje kransar fint oppå gravhaugen. Setje på plass gravminne som er flytta for å få plass til å grave grava.
  - Tre-fire veker etter gravferda: Fjerne daude kransar og overskotsmasse. Legge på jord på grava og så gras. Lage plantefelt med jord klart.
4. Festaren er ansvarleg for gravminne og plantefelt. Dersom det ikkje blir planta i plantefeltet, sår kommunen dette igjen med gras, og det klyppast som resten av kyrkjegarden.
5. Kommunen gjer det praktiske arbeidet ved nedsetting av urner. Kyrkjesjefen er ansvarleg for at dei formelle reglene blir følgt.

#### Forvaltning av areal

Kommunen utfører jordbearbeiding og drenering som måtte vere naudsynt. Større prosjekt følgjer tenesteytingsavtalen.

#### DIVERSE

Teknisk eining må vere tilgjengeleg for hjelp til einskilde gjeremål inne i kyrkja der det er vanskeleg å vere ein person til å utføre oppgåva.

## **PRISSETTING AV TENESTER I TENESTEYTINGSAVTALEN MELLOM VALLE KOMMUNE OG VALLE OG HYLESTAD SOKNERÅD**

Syner til tenesteytingsavtalen

Kontorleiga regulerast årleg i samsvar med konsumprisindeksen. Fyrste regulering 01.01.2022. Konsumprisindeksen pr. desember 2021 vert lagt til grunn ved fyrste gongs regulering.

Kontorleige m2 + straum + vask + vaktmeistertenester =  
 $(850 \text{ kr} + 470,12 \text{ kr}) * 94 \text{ m2} = 124\,091,28 \text{ kr}$

Porto etter faktiske utgifter (rapport frå frankeringsmaskina).

Leige av parkeringsplass Hylestad kyrkje, etter faktiske utgifter.

Kostnadane vert i utgangspunktet rekna ut frå lønsutgiftene til dei som utfører oppgåvane 1.1 i rekneskapsåret + 18% pensjon + 12% feriepengar + 10,6% arb.g.avg

Rekneskapsføring er stipulert til 15 % stilling

Lønsutbetaling inkl. bruk av personal og HMS funksjon er stipulert til 5% stilling

Drifts av kyrkjegardsprogram er stipulert til 5% stilling

IKT og arkiv er stipulert til 2% av arkivansvarleg sin stilling

Kyrkjegardsdrift førast etter faktiske utgifter iløpet av året. Og tilsvarer ca 50% stilling pluss ferievikar og sosiale utgifter. I tillegg kjem diverse driftsutgifter.

Beløpa skal ikkje overførast mellom kyrkja og kommunen, men det skal førast i både rekneskapa som tenesteyting. ( inn og ut i både rekneskapa på rette funksjonar).



# ÅRSMELDING VALLE OG HYLESTAD SOKNERÅD 2020

Foto Karin Bøe

## **Organisering av kyrkja**

Over 80 % av Valle kommune sine innbyggjarar er medlem i Den norske kyrkja.

Valle og Hylestad sokn er eiga, juridisk eining, soknerådet er øvste organ. Soknerådet har i 2020 seks valde medlemer, sokneprest og kommunen sin representant.

Kommunen sin representant er til stades for å vere bindeledd mellom soknerådet og kommunen, og han skal i utgangspunktet vere til stades når soknerådet handsamar saker av fellesrådskarakter (økonomi, bygningar, kyrkjegard, personale). Kyrkjesjefen er sakshandsamar og sekretær for soknerådet, med tale- og forslagsrett. Kyrkjesjefen har det administrative ansvaret for den daglege drifta, og ho utfører arbeidet saman med andre kyrkeleger tilsette og friviljuge

## **ARBEIDET I SOKNERÅDET**

Soknerådet sine primæroppgåver er nedfelte i §9 i kyrkjelova:

- Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt til alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynnt, syke og døende betjent med det, døpte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.
- Menighetsrådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet.
- Menighetsrådet avgjør om det skal tas opp offer eller foretas innsamling i kirken og forvalter de midler som blir samlet inn, bevilget eller gitt som gave til kristelig virksomhet i soknet,

## **Medlemer i soknerådet 2020**

Fram til 20. oktober 2020

Leiar: Knut Olav Uppstad

Nestleiar: Lisbeth D. Homme

Gudrun Sagneskar

Bente Bjørgum

Liv Bjørgum Ryningen

Siri Melhus

1. Vara: Ellen Jansen

2. Vara: Sissel Åkre

3. Vara: Birgit flaten

4. Vara: Aase Holen

5. Vara: Pål Dale

Sokneprest Kristine Borgen

Medlem frå Valle kommune: Knut Hagen

Vara: Liv Thanche Larsen

Frå 20. oktober vart Lisbeth D. Homme leiar og Siri Melhus nestleiar.

## Utval og nemnder

Utval	Medlemer
Arbeidsutval, fram til 20. oktober 2020	Knut Olav Uppstad Lisbeth D. Homme Kristine Borgen Sissa Ringstad
Arbeidsutval frå 20. oktober 2020 Soknepresten fekk fritak frå soknerådsmøter Prost Gunnar Ellingsen møtte for ho	Lisbeth D. Homme Siri Irene Melhus Gunnar Ellingsen Sissa Ringstad
Trusopplæringsutval	Siri Melhus Lisbeth H. Homme Tone Å. Rysstad
Diakoniutval	Astrid Nomeland Karin Bøe Knut Olav Uppstad Per Emanuelsen
UFO – Utval for utbetring av Valle og Hylestad kyrkje.	Henrik West Karin Bøe Mattis Tiedje Sissa Ringstad

### Arbeidsutval:

Leiar i soknerådet, nestleiar, sokneprest og kyrkjesjef utgjer arbeidsutvalet (forkorta AU). AU førebur soknerådsmøta og avgjer mindre saker. AU har oftast hatt møte om lag fjorten dagar i forkant av soknerådsmøte.

### Diakoniutval

Sjå vedlegg: årsmelding for diakoniutvalet i Valle og Hylestad

### FELLESRÅDSARBEID

### Tilsette og personalansvar:

Soknerådet hadde ved inngangen til 2020 arbeidsgjevaransvaret for om lag 2 årsverk fordelt på 5 tilsette:

Namn	Stilling	Stillingsstorleik	Kommentar
Kristine Borgen	Sokneprest	100 %	Valle og Bykle
Sissa Ringstad	Kyrkjesjef	60 %	Valle og Hylestad
Henrik West	Kantor/Organist	100 %	Valle og Bykle
Per Emanuelsen	Prostdiacon	50 %	Valle, Bykle og Bygland
Sissa Ringstad	Kyrkjelyds arbeidar	40 %	Valle og Hylestad
Karin Bøe	Klokkar/kyrkjetenar	25 %	Valle og Hylestad
Inger P. Rysstad	Reinhaldar	16 %	Valle
Astrid Nomeland	Reinhaldar	Timer - 5 %	Hylestad

Frå starten av juli vart soknepresten sjukemeld.

### **Ungdomsleiar/trusopplærar:**

Stillinga som trusopplærar er vakant.

### **Organist**

Arrangerte fleire konsertar, Men ikkje så mange som i eit normalår. Musikkfestivalen «Klassisk i Setesdal» frå 13. – 16. august. Var godt besøkt. Henrik West har og lagt ned mange timer på folkemusikkarkivet i arbeidet med den nye folkesalmeboka han er redaktør for, og han var produsent for dei digital jolegudsteneste og musikkhelsinga frå kyrkjene i Bykle, Valle og Hylestad.

### **Prostidiakon – samarbeidsprosjekt i prostiet**

## **Årsrapport fra prostidiakonen i Øvre Otredal 2020**

### **Innledning**

Diakoni er kirkens omsorgstjeneste. Den er evangeliet i handling, og blir uttrykt gjennom nestekjærlighet, inkluderende fellesskap, vern om skaperverket og kamp for rettferdighet. Prostidiakoni vil derfor alltid måtte ha fokus på ensomhet, rus, psykisk helse, relasjonskonflikter og sorg. Når det er sagt, så må det tilføyes at 2020 ble Annerledesåret, på grunn av pandemien, og nedstengningen av landet 12 mars. Endel møter og fellesskapstiltak måtte avlyses, og nærbetennelse måtte praktiseres med sprit og avstand. Men diakonien kan aldri avlyses, pensjoneres eller opphøre, den må bare i blant finne nye veier og uttrykksformer.

### **Organisering av stillingen**

Prostidiakonstillingen i Otredal prosti ble fra 01.01.20 delt i en Nedre del i 70% st. (Åseral, Evje, Iveland og Vennesla), og en Øvre del i 50% st. (Bygland, Valle og Bykle). Jeg ble fra denne dato fast ansatt i Øvre del. Kirkevergen i Bygland, Olav Nilsen ble min arbeidsgiver, og styret for Øvre del fikk Bernt Berntsen som leder. Det består ellers av Gunnar Ellingsen, Gunn Maren Saaghus og Knut Olav Uppstad. Styret har avholdt et møte i år.

### **Diakoniutvalgene, kirkemiddager, temakvelder og diakoniens dag.**

Det er diakoniutvalg i Bygland, Valle og Bykle. Alle 3 har hatt flere møter i løpet av året, og alle har på ulikt vis vært i aktivitet. Bykle rakk 2 kirkemiddager og en sjømannskirkekveld før nedstengning. Siden har det blitt stopp på kirkemiddager i både Bykle og Valle. Men vi rakk en tur med Team Valborg til Skafsåhei med tema Kunsten å leve i februar. Temakvelder starta opp igjen ute på høsten, og det har totalt vært 5. Deriblant 3 i Bykle i samarbeid med Frivilligentralen. Diakoniens dag har jeg i høst vært med på i Bygland, Bykle og Valle. I de to siste var jeg både liturg og predikant, eller prest og diakon.

### **Andakter på sjukeheimene**

Under sykdomsfravær blant prestene har jeg i år hatt andakter på alle tre sjukeheimene. Da disse ble stengt ned, og det ikke var mulig hverken med besøk eller andakt, var jeg innom og leverte en kaktus til hver av beboerne, som en hilsende fra diakonen. Disse måtte så stå i karantene i tre dager før de kunne deles ut. Jeg leverte også kaktus til nyåpna Bergtun hotell.

### **Hjemmebesøk og telefonsamtaler.**

Hoveddelen av prostidiakonens arbeid handler om hjemmebesøk og samtaler. Da Norge stengte ned var det en periode bare mulig med samtaler via telefon. Flere av arbeidsøktene jeg skulle ha oppover, ble derfor tatt hjemmefra på tlf. Flere besøk var med hjemmenattverd i løpet av året har samtalene fordelt seg slik: **Bygland 148; Valle 134; Bykle 149**

### **Psykososiale kriseteam, sorggrupper og gravferder.**

Har i løpet av året hatt flere henvendelser fra kommunenes helseetater/psykososiale kriseteam. Har ei sorggruppe i gang, og prøvd å få i gang ei til. Men tilbuddet står der. Har i løpet av året forretta ved 3 gravferder, alle med begrensninger og smitteverntiltak.

## Pilegrimsvandring 2021-2024

På et åpent info- og inspirasjonsmøte i Bygland i mars ble det bestemt å starte pilegrims- vandringer gjennom Setesdal fra juni 2021. Jeg er sekr. i arbeidsgr., som har hatt 4 møter.

### Oppsummering

Det har vært et helt spesielt år i Setesdal, Norge og hele verden. Men diakonien lever også med rådende begrensninger og smitteverntiltak. Jeg har i 2020 sendt 48 refleksjoner til Setesdølen. Hatt til sammen 431 samtaler. Takk for godt samarbeid. Takk til alle som bryr seg. Takk til alle som står på. Takk for tilliten dere viser meg. Årets ord er TAKKNEMLIGHET.

**Krigen 05.01.21. Prostidiakon Per Emanuelsen, Øvre Otredal. [pe-em@online.no](mailto:pe-em@online.no)**

### Stabsmøte:

